



Bjørn Tore Hesjedal
Markavegen 2 M
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/553 - 18/3847

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

23.02.2018

Stadfesting på innsendt søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for fotballhall og rehabilitering av kunstgrasbane, samt søknad om kommunal garanti for spelemidler til bygging av fotballhall

Viser til innsendte søknadar, dagsett den 22.02.2018.

Oppgåva ved å gi idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er i føresegna for spelemidler delegert til kommunen, men kommunen vil i denne saka spørje Kulturdepartementet om å handsame godkjenninga grunna sakas kompleksitet i høve spelemidler. Saka vil òg verte sendt til Hordaland fylkeskommune for uttale.

Som de viser til i søknaden er reguleringsendringa påklaga og til handsaming hos Fylkesmannen. Ei godkjenning er avhengig av godkjent reguleringsendring, noko som er avgjerande for mellom anna situasjonsplan og endeleg utforming av hall. Dette vil òg ha innverknad på rehabiliteringa av kunstgrasbana.

Ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vil verte handsama når påkravde dokument og vedlegg er i hende, og i tråd med situasjon etter utfall av klage på reguleringsendringa.

Søknad om kommunal garanti for bygging av fotballhall vil verte fremja til politisk handsaming ved første høve. Ein slik garanti er naudsynt etter føresegna for å kunne få tildelt spelemidler til bygging av hall der spelemidler vil overstige kr 4 mill. Det vert vurdert til at kravet om kommunal garanti vil vere til stades uavhengig av endeleg plassering av hall. Dersom utfallet av klage på reguleringsendringa fører til at hallprosjektet ikkje vert realisert, vil ein eventuell garanti kunne verte trekt eller falle bort.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gina Blomberg	Dalemarka 94	5918	FREKHAUG
Ingrid Raniseth			
Merethe Tvedt			
Svein Arne Dale	Øvredalsvegen 90	5918	FREKHAUG
Tore Johan Erstad			
Trond Egil Soltvedt	Sagstadvegen 71	5918	FREKHAUG

Mottakere:

Bjørn Tore Hesjedal
Il Kvernbit

Markavegen 2 M 5918
Fosseskarvegen 4 5918

FREKHAUG
FREKHAUG